

Invitasjon til dobbel utstillingsopning

Fredag 16. juni kl. 17.00 i Sogn kunstcenter

Lærdølen som på 1920-talet drog til Kristiania og Paris, og kom heim att og måla innbyggjarane, eller sunnmøringen som lagar tredimensjonale «landskap» i metall hundre år seinare?

I sommar stiller Sogn Kunstcenter ut portrett av mange historiske Sogningar av målaren og teiknaren Hans Gjesme og metallrelieff inspirert av natur- eller menneskeskapte landskap av Kjell Gunnar Overøye.

– Her trur eg det er moglegheit for mange frå Indre Sogn til å finne att portrett av tippoldeforeldra sine. Lærdalskunstnaren Hans Gjesme har skapt hundrevis av portrett. No stiller vi ut portrett av minst 60 ulike personar, dei fleste vert vist fram for første gong. Minst 50 av dei er av sogningar, både kvinner, menn og born. På sett og vis presenterer vi ein 100 år gammal tidskapsel, seier kurator for utstillinga, Ingrid Norum.

Som kontrast til 1900-talet sin målar- og teiknekunst, stiller Sogn Kunstcenter òg ut skulpturelle verk i metall som stål, kopar og sølv. Overøye nyttar ein gammal og arbeidskrevjande teknikk kalla damascene, som er å legge ein type metall inn i eit anna, for å skape eit mønster. Ein kjenner teknikken att frå Midtausten, som har ein tradisjon for å lage til dømes tallerkenar med mønster på den måten.

– Det er stor skilnad i både tid, teknikk og tema hjå desse kunstnarane. Kvar på sin måte deler dei sine erfaringar og idear gjennom kunstverka sine. Kunstnarane byr på ulike opplevingar for publikum, men å sjå dei under same tak, trur eg kan vere ei fin kontrast som får fram særpreget hos begge., seier Ingrid Norum.

Opning av utstillingane ved avdelingsdirektør for kunst i Musea i Sogn og Fjordane Tor Martin Leknes og kurator Ingrid Norum.

Musikalt innslag ved Lærdal songkor

Enkel servering